



Arkivnr: 2019/2890-1  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		02.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

## Årsmelding 2018 - Klagenemnda

### Samandrag

Klagenemnda har handsama årsmeldinga for 2018 og saka vert lagt fram for fylkestinget til orientering.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding 2018 for klagenemnda til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.03.2019****1. Innleiing.**

Klagenemnda legg fram årsmeldinga for arbeidet i klagenemnda i 2018.

**Heimel for klagenemnda.**

Klagenemnda er oppretta av fylkestinget med heimel i forvaltningslova § 28, 2. ledd. Klagenemnda si kompetanse er tildelt gjennom reglement vedteke av fylkestinget i sak 37/95.

**Oppgåver.**

Klagenemnda har til oppgåve å handsame klager på enkeltvedtak fatta av fylkeskommunalt organ, med unntak av fylkestingsvedtak. Kommunaldepartementet er klageorgan over enkeltvedtak fatta av fylkestinget. Enkeltvedtak er vedtak som generelt eller konkret er avgjerande for rettar og pliktar til ein eller fleire personar.

**Kompetanse.**

Klagenemnda kan prøve alle sider av det vedtaket som det er klaga over, rettslege spørsmål, sakshandsaminga og forvaltningsskjønnet. Ein skal og ta omsyn til nye omstende og tilhøve som ikkje vart vurdert i samband med fyrsteinstansen si handsaming.

Klagenemnda handsamar mellom anna klager over vedtak etter veglova der fylkeskommunen er klageinstans. Det følgjer av at regionvegsjefen høyrer inn under fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegar. I praksis inneber dette at klagenemnda gjennom åra handsamar ein del klager over vegsjefen sine vedtak i saker som til dømes gjeld avkjørsler frå fylkesvegane og likeeins klager på vegsjefen sine vedtak om dispensasjon frå byggegrense etter veglova.

**Sakshandsaming.**

Handsaminga i klagesaker følgjer forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Den instansen som har fatta vedtaket skal handsame klaga som førsteinstans og kan ta klagen til følgje eller ikkje, avvise klaga eller gjera om vedtaket. Dersom fyrsteinstansen ikkje tek klagen til følgje går klaga vidare til klagenemnda.

**Overprøving.**

Klagenemnda sine vedtak kan ikkje overprøvast forvaltningsrettsleg, men etter vanlege prinsipp i norsk rett kan vedtak i klagenemnda overprøvast i rettsapparatet.

**2. Samansetjing****Valbolken 2015 – 2019****Medlemmer**

Frøiland, Stig Morten, A

Brita Toppe, FL KrF/Sp

Birgitte Holmefjord Olsen Skibenes, FL SV/R

Iiril Schau Johansen, FL H/V

**Varamedlemmer**

1. Dag Rune Mo, A
2. Kari Foseid Aakre, A
3. Kine Bratli Dale, A

1. Tor Andrè Ljosland, FL KrF/Sp
2. Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, FL KrF/Sp
3. Alexander Fosse Andersen, FL KrF/Sp

1. Torunn Hole Olsnes, FL SV/R
2. Arild Borgen, FL SV/R
3. Daniel Ducrocq, FL SV/R

1. Eli Årdal Berland, FL H/V
2. Torstein Gunnarson, FL H/V
3. Nina Jarlind, FL H/V

Christoffer Thomsen, Frp (frå 04.10.17)

1. Renate Møgster Klepsvik, Frp
2. Magne Djuvik, Frp
3. Gustav Bahus, Frp (frå 04.10.17)

Leiar: Stig Morten Frøiland (A)

Nestleiar: Iiril Schau Johansen(FL H/V)

### **3. Oversikt saker**

Saksnr.	Sakstittel
PS 4/18	Klage - søknad om avkøyrsløse og etablering av parkeringslomme - gnr. 98 bnr. 1 - Engjavik i Fusa kommune
PS 5/18	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa frå fv 121 til gbbnr 98/4 i Fusa kommune
PS 6/18	Klage - Transportordninga for funksjonshemma
PS 7/18	Klagesak - Heving av lærekontrakt
PS 9/18	Lindås kommune -gnr 185 bnr 20 - klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til fv 57
PS 10/18	Klage på avslag på etablering av avkøyrsløse frå landbruksveg - Fv. 134 - gnr. 73/bnr. 2 - Hegglandsdalen - Os kommune
PS 11/18	Klagesak. Klage på skriftleg irettesetjing.
PS 16/18	Årsmelding for klagenemnda - 2017
PS 17/18	Avslag på klage på oreigning av gnr 4/1 og 4/196 i Askøy kommune - klage
PS 18/18	Klage frå Advokat Hauken AS på vegne av Klara Kallestad mfl over Statens vegvesen sitt vedtak om oreigning av gnr 3 bnr 45 i Askøy kommune
PS 19/18	Klage på vilkår om førehandstilsegn for utvida bruk av avkøyrsløse - Fv. 233 - gnr. 43 bnr. 251 og bnr. 267 - Fjell kommune
PS 20/18	Klage på avvisning av klage på dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122 - gnr. 78 bnr. 4 - Fusa kommune
PS 21/18	Klage - Heving av lærekontrakt
PS 22/18	Klage på avvisningsvedtak på vedtak om oppheving av eksamen og opprettholdelse av klage på bedømmelse av fagprøve
PS 23/18	Klagesak- Klage på vedtak om tilbakekalling av drosjeløyve
PS 24/18	Klager - Transportordninga for funksjonshemma
PS 29/18	Avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse - fv. 169 - gnr. 89 bnr. 241 - Øvre Titlestad i Bergen kommune
PS 30/18	Klage på avslag om utvida bruk av avkøyrsløse frå gnr 28 bnr 87 i Fjell kommune til Fv 561
PS 31/18	Klage på avslag på søknad om tilskot frå Etablerarfondet for Sunnhordland
PS 32/18	Klage over vedtak om avslag på søknad av fortausareal ved gnr 167 bnr 1531 i Bergen kommune
PS 33/18	Klagesak - Klage på avslag på søknad om taksameterfritak

PS 34/18	Avslag på klage på vedtak om løyve på vilkår til utvida bruk av avkøyrslø - fv. 211 - gnr. 25 bnr. 8 - Fjell kommune
PS 35/18	Klage frå Bygg Prosjekt AS over avslag om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 11 bnr 53 i Sund kommune
PS 36/18	Klage frå Maren Lerøen på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa frå Fv7 til gnr 21 bnr 918 i Kvam herad
PS 37/18	Klagesak - Klage på tilbakekalling av drosjeløyve R-556
PS 38/18	Klagesak- klage på vedtak om ikkje godkjent oppmelding til fagprøve
PS 39/18	Klagesaker - transportordninga for funksjonshemma
PS 40/18	Klagesak - Klage på avslag om forhøga brukarkvote. transportordninga for funksjonshemma
PS 41/18	Klager - Transportordninga for funksjonshemma
PS 46/18	Klage over deler av vedtak om vilkår for løyve for utvida bruk av avkøyrslø for gnr 24 bnr 2 i Fjell kommune
PS 47/18	Klage over vedtak om ekspropriasjon av del av gnr 4 bnr 1 i Askøy kommune
PS 48/18	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrense for gnr 20 bnr 148 i Bergen kommune
PS 49/18	Klagesak - Klage frå Taxi/Bus Odda AS over avslag på søknad om løyvefritak
PS 50/18	Klage -vedtak om avslag på søknad om utsett eksamen i helsearbeidarfaget (HEA3102) .
PS 51/18	Klagesak - Klage på avslag på søknad om fritak frå kroppsøving.
PS 52/18	Klagesak - Klage på avslag på søknad om utsett privatisteksamen
PS 53/18	Klagesak- Klage på Klage på avslag på søknad om utsett privatisteksamen
PS 54/18	Klager Transportordninga for funksjonshemma
PS 55/18	Klage på avslag på søknad om utsett privatisteksamen
PS 56/18	Klage over vedtak om flytting av transformatorstasjon mv ved Carl Konows gate
PS 57/18	Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 43 bnr 321 i Austevoll kommune
PS 58/18	Klagesak - klage på formelle feil ved gjennomføring av fagprøve
PS 63/18	Klage over avslag på utvida bruk av avkøyrslø for gnr 59 bnr 13 i Fjell kommune
PS 64/18	Klage over avslag på søknad om bruksendring av avkøyrslø frå/til gnr 111 bnr 37 i Osterøy kommune
PS 65/18	Klage over Statens vegvesen sitt vedtak i høve avkøyrslø til/frå gnr 29 bnr 7 i Askøy kommune
PS 66/18	Fjell kommune - gnr 57 bnr 121 - klage over avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø
PS 67/18	Klage over avslag på førespurnad om innsyn

PS 68/18	Klagesak - Klage på vedtak om tilbakekalling av drosjeløyve
PS 69/18	Klager - Transportordninga for funksjonshemma
PS 74/18	Klagesak -Klage frå Sunnhordland Ferjerederi AS u/s på avslag på søknad om ruteløyve for ferjedrift
PS 75/18	Klage over Statens vegvesen sitt vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø mellom gnr 195 bnr 7 og fv 391
PS 76/18	Klage over avslag om utvida bruk av avkøyrslø for gnr 41 bnr 17 i Askøy kommune
PS 77/18	Klage på vedtak om heving av lærekontrakt
PS 78/18	Klage over avslag på innsyn
PS 79/18	Klagesak - Klager transportordninga for funksjonshemma

#### **4. Samandrag.**

Klagenemnda har hatt 6 møter. Klagenemnda har handsama 73 klager fordelt på 54 saksnummer.

Årsaka til at det er større tal klager enn saker er at fleire klager er handsama i ei sak. Dette gjeld i hovudsak klager i samband med transportordninga for funksjonshemma. I tillegg kjem behandlinga av årsmeldinga, slik at totalmengde saker er 74.

Klagene fordeler seg på ulike sektorar, som er samferdsle ( transportordning for funksjonshemma, skuleskyss og løyve), opplæring ( skule og fagopplæring),skriftleg irettesetjing, tilskotssaker og saker knytt til vegsektoren (avkøyrslø, dispensasjon frå byggegrense og ekspropriasjon). Omlag ein tredjedel av saken gjeld saker knytt til transportordninga for funksjonshemma.

Totaltalet på klager er litt høgare enn i 2017.

#### **5. Kort om dei ulike saksområda som klagene fell inn under.**

Område	Tal klager 2018 (2017)	Klage teke til følge
Transportordninga for funksjonshemma. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avslag søknader om TT-kort.</li> <li>• Søknad om høgare brukarkvote på TT-kort.</li> </ul>	26 (24)  1(1)	7 2 sendt tilbake 0
Klage på formelle feil ved avvikling av sveineprøve	1(3)	0
Heving av lærekontrakt	3(3)	0
Ikkje godkjent oppmelding til fagprøve / manglande praksis	1(1)	0
Avslag om utsett privatisteksamen	4	
Avslag om fritak i kroppsøving	1	1

Tilbakekalling av drosjeløyve	3(2)	0
Avslag på takstameterfritak i drosje	1	
Tildeling av ruteløyve-ferjedrift	1	0
Avslag på løyvefritak – buss	1	0
Avvisning av klage	1	
Klager vedkommande saker frå vegkontoret		
Dispensasjon		
• Byggegrense	4(4)	2
• Avkøyrsløse	15(8)	4
• Ekspropriasjon	2	
• Flytting av transformatorstasjon	1	1
• Avslag på areal på fortausareal	1	
Tilskotssaker	1(2)	0
Klage på skriftleg irettesetjing	1(2)	0
Avvisning av innsyn	2	

## 5.1. Samferdsel

### a. Transportordninga for funksjonshemma.

Talet på klager som er behandla av klagenemnda i 2018 er om lag på same nivå som i 2017.

Innan dette feltet er det klare retningslinjer om kva som skal til for å koma med i ordninga. Hovudvurderinga går på om ein er i stand til ( ut frå ei medisinsk vurdering) å nytta offentleg transportmiddel eller ikkje og at ein vert å rekna som "grovt forflytningshemma."

Saksgangen i desse klagesakene er at søknaden og legeerklæring, samt klaga vert oversendt 3 legar ( som er med i ei legenemnd på 6 stykk, 5 legar + ein psykiater). Desse 3 legane vurderer eigenerklæring(søknad), legeerklæring frå søkjaren sin lege og klaga, samt det som elles er dokumentasjon i saka. Legane vurderer ut frå det medisinske om søkjaren er sterkt nok rørslehemma til å tilfredstilla krava som er nedfelt i retningslinjene for ordninga. Legane kjem med ei tilråding i saka. Finn desse legane at vedkommande etter ei medisinsk vurdering ikkje tilfredstiller krava til å koma med i ordninga er det svært mykje som skal til før klagenemnda etter ei totalvurdering av saka finn at søkjaren kan godkjennast som brukar. I dei tilfella det vert klaga og det er nye og endra opplysningar i saka, vert vedtaket i dei fleste tilfella omgjort av underinstansen ( fylkesdirektør samferdsel). Saka vert då ikkje lagt fram for klagenemnda. Dette er grunnen til at det er få saker som vert omgjort av klagenemnda.

Hovudregelen er at godkjenning vert gjeve for 4 år, eller midlertidig for 2 år. Når godkjenningsperioden er over må det søkjast på nytt.

26 klager har vore til behandling i klagenemnda i 2018. Av desse vart 7 klager tekne til følgje. I tillegg har det vore behandla 1 sak om avslag på søknad om forhøga kvotebeløp.

Pr. 31.12.2018 var det 12275 TT-brukarar i Hordaland, og det var omlag behandla ca. 2362 søknader om godkjenning som brukar til transportordninga i 2018. Dette fordeler seg med ca.60% i Bergen kommune og 40% i dei andre kommunane i Hordaland.

Fylkesdirektør samferdsel har som underinstans omgjort ein del av avslaga, og godkjent søkjarane som brukarar av ordninga, som følgje av nye opplysningar og betre dokumentasjon i klaga. Det har vorte gjeve avslag i ca. 407 saker. Av dei som har fått avslag er det 26 klager som er sendt klagenemnda. Sett i høve til totalmengde søknader er det eit lite tal av søknadane det vert klaga på. Dei som går vidare til behandling i klagenemnda er i hovudsak saker der det ut frå innsendt dokumentasjon ikkje ligg føre opplysningar som tilfredsstillar dei strenge krava som må liggja føre i høve nedsett mobilitet. Saker der klagenemnda har omgjort vedtaket og teke klaga til følgje er i saker der det frå legenemnda har vorte gjeve uttrykk for tvil.

Eit moment som kan vera medverkande til at det er ein liten del av avslaga som vert klaga på, er at mange søker på nytt i staden for å klaga. Det er ikkje noko grense for kor ofte og kor mange gangar ein kan søkja. Har søkjaren sin situasjon i høve vilkåra for å koma med i ordninga endra seg, eller søkjaren finn å leggja fram ny dokumentasjon vert det sendt ny søknad i staden for å klaga på tidlegare avslag.

## **b. Drosjeløyver**

Når det gjeld saker knytt til løyver var det i 2018 4 saker. Tre saker gjaldt inndraging av drosjeløyve, og ei som galt avslag på søknad om fritak frå installering av takstameter i drosje. Talet på saker som er knytt til drosjeløyver er omlag det same som det har vore tidlegare år.

## **5.2. Vegsektoren.**

I 2018 har sakene vore relatert til søknad om ny avkøyrsløse eller utviding av bruken av avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse.

Talet på saker som vedkjem vegsektoren har vore om lag det same dei siste åra. I 2018 har talet auka noko, spesielt gjeld det talet på som gjeld søknad om ny avkøyrsløse eller utviding av bruken av avkøyrsløse. Her har det vore behandla totalt 15 saker som gjeld dette. Når det gjeld dispensasjon frå byggegrense er dette på same nivå som førre år, 4 saker.

## **5.3. Opplæring / Fagopplæring.**

Saker som har vore til behandling i klagenemnda som gjeld fagopplæring er:

- ikkje-godkjent oppmelding til fag-/sveineprøve p.g.a. manglande praksis,
- heving av lærekontrakt,
- oppheving av fag-/sveineprøve grunna formelle feil ved avviklinga av prøven

I 2018 har talet på desse sakene vore på om lag same nivå som tidlegare år.

## **5.4 Tilskotssaker**

Det har vore ei sak knytt til klage på tilskot i 2018. Dette er 1 sak mindre enn i 2017.

## **5.6. Ordensstraff (skriftleg irettesetjing/skriftleg åtvaring).**

Skriftleg irettesetjing er eit enkeltvedtak med klagerett. Fylkesrådmannen har ved delegasjon vedteke at den fylkeskommunale klagenemnda skal vera klageinstans for klager ved ilagt ordensstraff(skriftleg irettesetjing/skriftleg åtvaring). Dette vart vedtek i starten av 2015. Det har vore ei sak som gjeld dette i 2018.

## **6 Saksgang / Saksbehandlingstid**

### **7.1. Saksgang**

Det er enkeltvedtak det kan klagast på. Når vedtaksinstansen får inn klage på eit enkeltvedtak må den som er underinstans sjølv først behandla klaga. Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og det klaga grunnar seg i er så godt opplyst som mogeleg. Underinstans gjer vedtak i saka. Vedtaket kan vera å fasthalda sitt eige vedtak ( avslå klaga), oppheva vedtaket eller endra det (gjera nytt vedtak). Dersom underinstans opprettheld sitt vedtak skal saka sendast klagenemnda for endeleg avgjerd.

Klagesaka vert så behandla og førebudd og fylkesrådmannen legg fram sak for klagenemnda. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

### **7.2. Saksbehandlingstid**

Når det gjeld saksbehandlingstida for klagesakene, kan denne delast i to.

#### **a. Tida frå klagen vert motteken av underinstans til den vert oversendt klagenemnda sitt sekretariat for saksførebuing.**

Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og klaga skal vera så godt opplyst som mogeleg. I nokre saker kan dette ta noko tid. Av dei sakene som har vore behandla av klagenemnda i 2018 ligg saksbehandlingstida hos underinstans gjennomsnittleg på ca. 3 månader. Når det gjeld klager knytt til transportordninga for funksjonshemma er saksbehandlingstida noko lenger. Dette som følgje av at ein må innhenta uttale/råd frå legenamnda.

#### **b. Tida frå klagesaka vert motteken til behandling og til klagenemnda behandlar saka og vedtak vert fatta.**

Klagesaker som vert sendt over til klagenemnda vert behandla i første møte klagenemnda har etter at dei er mottekne av klagenemnda sitt sekretariatet. Saksbehandlingstida er vanlegvis ikkje lenger enn tidsintervallet mellom nemnda sine fastsette møter. Dette er vanlegvis ca. 2 månader. Dersom det er saker som hastar eller det er stor mengd saker vert det innkalla til ekstramøte.

Unntaksvis kan det vera saker som tek lenger tid enn gjennomsnittet. Dette grunnar seg i at sakene er av slik karakter at det tek tid å få fram alle fakta og å setja seg inn i det rettslege grunnlaget. Dette gjeld stort sett komplekse og store saker. Sakene som gjeld vegsektoren kan vera ein slik type sak.